

Lt detDyrdøla Kraft SUS
Holebrauta 29
6214 NORDDAL

Vår dato: 14.12.2017
Vår ref.: 201503000-37
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Rune Moe
22959315/rmo@nve.no

Dyrdøla Kraft AS - Søknad om løyve til bygging av Dyrdøla kraftverk i Norddal kommune - NVE sitt vedtak

NVE har vedteke å avslå søknaden om løyve til bygging av Dyrdøla kraftverk. Grunngevinga for vedtaket er at det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiar i det verna Norddalsvassdraget. Konesjon kan ikkje bli gitt dersom utbygging er i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova § 34 og 35, post 5 og 8.

Bakgrunn

Vi syner til søknad datert 08.03.2017 om løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Dyrdøla kraftverk i elva Dyrdøla i Norddal kommune i Møre og Romsdal.

Vi syner òg til NVE sitt vedtak av 17.02.2017, der NVE ga direkte avslag på søknad om eit Dyrdøla kraftverk som ville medføre utbygging av Dyrdalsfossen. Desse kraftverksplanane omfatta òg ein installert effekt >1 MW. Vedtaket vart ikkje påklaga, men resulterte i eit redusert alternativ som no er omsøkt.

Dyrdøla og Herdøla utgjer saman Norddalsvassdraget (vassdragsnummer 099.2Z), som vart varig verna gjennom verneplan IV (1993). Vassdraget ligg i Norddal kommune, og har sitt utløp i Norddalsfjorden. Vassdraget strekkjer seg frå bre til fjord, og har stort naturmangfald knytt til skred- og elvelaupsformer, aktive prosessar, geomorfologi og landformar. Det er store verdiar knytt til friluftsliv og kulturminne. Vassdraget er tidlegare nytta til kraftproduksjon: Juaverket, som vart bygd på 1930-talet og lagt ned i 1955. NVE er ikkje kjend med dimensjoneringa av kraftverket, men restar av inntaksdammen står fortsatt, ca. 70 m nedstraums vegbrua nedstraums Dyrdalsfossen. Det er òg eit vassverk i vassdraget.

Dyrdøla kraftverk er planlagt med ein installert effekt inntil 0,87 MW. I St.prp. nr. 75 (2003-2004), ”Supplering av verneplan for vassdrag”, ble det foreslått å opne for konesjonsbehandling av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW i verna vassdrag. Dette blei vedteke av Stortinget den 18.02.2005, jf. vedtak nr. 240. Ein klar føresetnad for å gi løyve er likevel at verneverdiane ikkje blir svekka, jf. § 35 post 5 i vassressurslova.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om tiltakshavar

Tiltakshavar er Dyrdøla fallrettseigarlag. Fallrettseigarane og det kommunale vassverket har gått saman for å søke om ei felles løysning for nytt vassverk og kraftverk i vassdraget:

«Dersom konsesjon vert gjeven skal det i fylgje vedtektene for laget stiftast eit aksjeselskap, Dyrdals kraft AS, som skal stå for bygging og drift av kraftverket og inngå forpliktande avtalar med andre partar. Det er laga ein intensjonsavtale med vassverket om felles løysingar.»

Planlagd utbygging

Grunneigarane vil nytte fallet i Dyrdøla mellom kote 180 og kote 55. Dyrdøla er del av det verna Norddalsvassdraget. Inntaksdammen er planlagt ca. 17 m lang og opptil 4 m høg. Tilløpsrøyrret har diameter 700 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 780 m. Det søkjast om bygging av ca. 200 m ny veg for åtkomst til inntak og kraftstasjon frå eksisterande vegar.

Middelvassføringa ved inntaket er 1,46 m³/s, og hovudalternativet i kraftverksplanane er planlagd med ei maksimal slukeevne på 875 l/s. Det søkast også om eit redusert alternativ med slukeevne på 700 l/s. Det er òg planlagt å bygge nytt vassverk i kombinasjon med kraftverket. Vassforbruket her vil vere ytterlegare 25 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på inntil 0,87 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på 5,5 GWh ved største alternativ, medan det minste alternativet vil gje om lag 4,6 GWh/år. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 740 m lang elvestrekning. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring lik 5-persentilnivå på 625 l/s sommartid (1.5-30.9) og 24 l/s resten av året.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden blitt sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar for uttale saman med tre andre kraftverk i Norddal kommune i *småkraftpakke Norddal*.

NVE har mottatt følgjande fråsegn til søknaden:

Norddal kommune er positive til tiltaket, og seier at tiltaket er planlagt i eit LNF-område. Kommunen meiner etableringa av kraftverket vil vere positivt for kommunal næringsutvikling og eit godt bidrag når det gjeld satsing på fornybar energi.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fremja motsegn til Dyrdøla kraftverk sitt opprinnelege hovudalternativ. Motsegna til Dyrdøla kraftverk er tufta på ein samla effekt av å redusere naturkvaliteten og inntrykksstyrken av Dyrdalsfossen:

«Fossen er eit flott landskapselement i denne delen av dalen som hvert år har besøk av mange turistar og friluftsfolk.»

Fylkesmannen vil ikkje gå imot eit redusert alternativ, men tilrår at kraftstasjonen blir flytta oppstrøms samløpet med Herdøla av omsyn til anadrom fisk.

Møre og Romsdal fylkeskommune er nøytrale i saken. Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda kulturminner, og vurderer potensialet for funn til å vere lågt til middels. Vidare tilrår fylkeskommunen å la storslåtte og flotte fossefall få stå uberørt og bli verande som ein attraksjon for både lokalbefolkning og tilreisande.

Statens Vegvesen har ingen kommentarar utover generelle omsyn til trafikksikkerheit, men minner om byggegrense etter vegloven.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal går på det sterkaste imot utbygging, med bakgrunn i store friluftslivs- og naturverdiar i og langs vassdraget. Naturvernforbundet viser til vernegrunnlaget for Norddalsvassdraget, der dei meiner at vassdraget er verna for å ivareta nettopp desse verdiane.

Naturvernforbundet har òg kome med ei tilleggsfråsegn i saka, der dei peiker på mangelfull kartlegging av biomangfald, og meiner at eit inntak som omsøkt vil ha påverknad på fossesprutpåverka vegetasjon også nedstraums fossen. Dei viser òg til ei potensiell kulturmark i røyrgatetraseen, og kjem med nye artsobservasjonar frå tiltaksområdet i si fråsegn.

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF), Mattilsynet og Kystverket har ingen konkrete merknadar til prosjektet.

Mørenett AS vurderer at det er kapasitet i eksisterande nett, og har ingen innvendingar til tiltaket.

For fullstendige fråsegn viser vi til offentleg postjournal og/eller NVE sine heimesider til saka. Her finst òg tiltakshavar sin kommentar til dei innkomne fråsegna i saka (NVE-ref. 201503000-35).

Kriterier for konsesjon i verna vassdrag

Kraftutbygging i verna vassdrag skal ein unngå der utbygging vil svekke verneverdiane i vassdraget, jf. vassressurslova § 35, post 5. Det må gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der det blir lagt vesentleg vekt på verneverdiane, jf. same paragraf, post 8. NVE legg særleg vekt på endringar i vassføringsregimet og naturinngrep i vurderinga av kva verknader ei utbygging vil ha på verneverdiane.

Dersom verneverdiane kan ivaretakast gjennom omsøkte planer for eit kraftverk i verna vassdrag, skal det deretter gjerast ei vurdering og vekting av fordelar mot ulemper for ålmenne og private interesser, jf. vassressurslova §§ 8 og 25.

Noregs vassdrags- og energidirektorat sine vurderingar

NVE si vurdering byggjer på fråsegnene og informasjon gitt i konsesjonssøknaden, biomangfaldrapportar, verneplan IV for vassdrag, eiga sluttsynfaring og andre tilgjengelege kjelder. NVE meiner det ligg føre tilstrekkeleg informasjon til å fatte vedtak i saka.

Norddalsvassdraget blei verna i Verneplan IV (1993). Vernet gjeld heile vassdraget, dvs. hovudelva med sideelver. Vassdraget er i dag ikkje nytta til produksjon av vasskraft. Formålet med Verneplan for vassdrag var å gjenspegle eit tverrsnitt av norsk vassdragsnatur ved å spare ein del vassdrag for kraftutbygging der det var meint at desse vassdraga hadde store kvalitetar som skal takast vare på innanfor eit eller fleire tema. I tillegg til at Norddalsvassdraget er eit anbefalt type- og referansevassdrag, er også inngrepsfridom, landskap, biologiske verdiar og store kulturminneverdiar utpeika som sentralt for vernegrunnlaget. Stort naturmangfald knytt til elvelaupsformer, samt store kulturverdiar i eit kontrastrikt landskapsbilde gjer Norddalsvassdraget etter NVE si meining til eit viktig utsnitt av norsk vassdragsnatur.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Middelvassføringa i Dyrdøla er berekna til 1455 l/s, og kraftverket er planlagt med ei slukeevne på høvesvis 60 og 48 % av middelvassføringa. Dette inneber at Dyrdøla berre vil ha minstevassføringa tilbake (625 l/s sumar og 24 l/s vinter) i deler av året i normale og tørre år. 5-persentilene sumar/vinter er lagt til grunn for planlagt minstevassføring. Slukeevna blir av NVE vurdert som forholdsvis stor, gitt at Norddalsvassdraget er eit verna vassdrag. Olje- og energidepartementet (OED) skriv følgjande i si klageavgjerd for Råfossen kraftverk, datert 05.01.2012: *”Det er et uttalt mål at vannføringen i et vernet vassdrag skal være variert og gjenspeile naturlige forhold også etter en utbygging.”*

I dei løyva som er gitt til nye kraftverk i verna vassdrag dei seinaste åra, ligg slukeevna i all hovudsak mellom 20 og 50 % av middelvassføringa, og den planlagde slukeevna ligg dermed heilt i øvre sjikt. NVE vil her syne til Kilåi kraftverk og OED si vurdering i vedtak av 07.11.2014, der departementet reduserer slukeevna frå 60 til 50 prosent i endeleg konsesjon med grunngeving i hyppigare og lengre periodar med flaumoverlap. I høve slukeevne vil alt. 2 ligge innfor dei generelle føringane i verna vassdrag, men vassuttaket vil etter NVE si meining likevel bli merkbar i eit hovudvassdrag.

Landskap, kulturmiljø og friluftsliv/reiseliv

Norddal ligg i landskapsregion 23 *Indre bygder på Vestlandet* (Pushmann 2005), eit område prega av fjordar med høge tindar og korte vassdrag. Norddal har eit rikt kulturlandskap der vassdraga etter NVE si meining spelar ei sentral rolle. Søkar beskriv sjølv området på følgande måte:

«Dyrdøla har eit nedbørfelt på 25,3 km² ved planlagt inntak og drenerar nordover mot Herdøla, Storelva og Norddalsfjorden. Dyrdal er ein hengjande sidedal til hovuddalføret Norddal-Herdalen og er sterkt prega av glasial erosjon. Vassdraget har sitt utspring i fjellområda mellom Norddal, Eidsdalen og Geiranger og utgjer den vestlegaste av to hovudgreiner av Norddalsvassdraget. Høgste fjelltoppar i nedbørfeltet er Torvløysa (1850 moh.) og Skårene (1829 moh.), høvesvis i søraust og sørvest. Elva har utspring i velutvikla botnar i eit utprega alpint fjellterreng. I botnen mellom Tverrfjellet og Storvass- hornet lengst i sør ligg Litleøvdalsvatnet (1 084 moh.; 0,307 km²). Frå dette renn Dyrdøla i eit bratt fall ned mot Storvatnet (920 moh.; 0,439 km²) og deretter Litlevatnet (891 moh.; 0,122 km²). Herifrå renn elva først roleg over Langhaugane, deretter i strie stryk og små fossefall om lag fire km nordover Dyrdalen til høgdom lag med Rellingsetra. Elva får her eit bratt fall gjennom den markerte Dyrdalsfossen ned mot hovuddalføret i Norddal-Herdalen.

Frå samløpet med Herdøla, som kjem inn frå aust, renn Storelva med jamnt fall om lag to km fram mot utløpet i Norddalsfjorden. Både fjell og grove blokkar dannar botnsubstrat i elveløpet. Bjørk er dominerande treslag i nedbørfeltet som heilskap, men innafor sjølve tiltaksområdet finst også ei rekkje boreale og varmekjære lauvtreslag og mykje planta gran. Nedste del av tiltaksområdet er landbruksområde med fast gardsbusetnad. I tillegg finst enkelte fritidseigedomar og annan bygningsmasse. Ei bru kryssar Dyrdøla like nedanfor Dyrdalsfossen. Her ligg også inntaket til eit vassverk og planlagt inntak for kraftverket, og restar etter eit nedlagd kraftverk. Frå vest er ein stølsveg bygt fram til Rellingsetra. Innssetra på austsida av vassdraget ligg vel éin kilometer innafor Rellingsetra, og er utan vegtilkomst. Områda blir beita av storfe og småfe».

Tiltakshavar meiner sjølv i søknaden at:

«Dyrdøla har størst verdi når det gjelder naturtyper, men gir også størst samfunnsnytte på grunn av kombinasjonen med vassverket. På grunn av liten reduksjon av vassføringa om sommaren, vert konsekvensane små i høve til det positive bidraget.»

NVE meiner likevel at det må leggjast større vekt på dei negative konsekvensane av dei føreliggande utbyggingsplanane. Redusert vassføring i Dyrdøla vil svekke vassdraget sin plass i landskapet for både fastbuande i Norddal og tilreisande. Dette vil også gjelde for rørgatetraseen i ein del år framover dersom kraftverket vert realisert. Ei grundig vurdering av ei utbetring og oppgradering av vassverket er ikkje gjort i handsaminga av Dyrdøla kraftverk. NVE syner likevel til at mykje av inngrepa til vassverket allereie er utført, og at det er snakk om eit vesentleg mindre vassuttak i vassverket med sine 25 l/s kontra ei slukeevne på høvesvis 700 og 875 l/s for dei to alternativa.

Sett i lys av vassdragets vernestatus og at vassdraget i dag ikkje er nytta til kraftproduksjon, er dette forhold det etter NVE si meining må leggjast stor vekt på. Det er også lagt vekt på at Dyrdøla saman med Herdøla utgjer hovudvassdraget i det verna Norddalsvassdraget.

Norddal ligg også i kort avstand frå kjerneområder for turisme på søre Sunnmøre, som mellom anna Geiranger, med tusenvis av turistar årleg. Vidare opp langs Herdøla kjem ein opp til Herdalssetra, eit mykje besøkt seterområde med gode moglegheiter for friluftsliv i fjellområda rundt. Meir spesifikt for Dyrdøla kraftverk skriv Fylkesmannen i fråsegna si av 07.06.2017 at:

«Influensområdet er brattlendt. Øvre del av vassdraget er mykje nytta til friluftsliv med hytte og seterliv. Dyrdalsfossen utgjer eit markert landskapselement med stor inntrykksstyrke, lett synleg på lang avstand frå dalbotnen og på nært hald frå veg oppetter dalsida.»

Sjølv om Dyrdalsfossen i reduserte planer ikkje vil verte påverka av ei ev. utbygging, meiner NVE at tiltaket vil vere uheldig for landskapsbildet, som igjen vil ha negativ innverknad på både nasjonal- og internasjonal turisme, samt friluftsliv.



Figur 1: Bilda syner Dyrdøla og nedre del av Dyrdalsfossen, sett frå vegen. Biletet til høgre viser tydeleg fossesprøyk frå fossen. I høgre kant er eksisterande inntak for vassverket, og det er her inntaket til kraftverket er planlagd. Foto: NVE.

Naturtypar og biologisk mangfald

I Dyrdøla er det påvist ei viktig bekkeløft og bergvegg (B-verdi), som også er kartlagt tidlegare med nasjonal til regional verdi etter bekkeløftregistreringsmetodikk (4 stjerner). Det er avgrensa fossesprutsoner fleire stader, men primært i forbindelse med Dyrdalsfossen.

Bekkeløftlokaliteten strekkjer seg frå toppen av Dyrdalsfossen kote 422 ned til kote 116. Omsøkte tiltak vil føre til fråføring av vatn i om lag halve bekkeløfta si lengde. NVE vil trekkje fram at den fuktkevjangande arten sunnmørsmarikåpe (VU), òg kalla Norddalsmarikåpe, er påvist fleire stader langs Dyrdalselva (sjå vedlegg til dette vedtaket for kartfesting). Arten er endemisk for Stranda og Norddal, og har truleg sitt opphav som art i dette området. Arten skoddemose (VU) er påvist av

Naturvernforbundet sine egne undersøkingar like nedstraums Dyrdalsfossen. Både sunnmørsmarikåpe og skoddemose vil truleg òg verte negativt påverka. Vel så viktig, er at ei realisering av tiltaket etter NVE si meining vil ha negativ innverknad på verdien til bekkekløftlokaliteten, gjennom fysiske inngrep i og langs elvestrengen, samt endra vassføringsregime.

NVE meiner difor at omsøkte planer om Dyrdøla kraftverk vil være i direkte strid med hensikten bak vassdragsvernet og ønsket om å bevare dei naturlege forholda i elva, jf. grunngevinga for vernet av Norddalsvassdraget, referert ovanfor.

Av akvatiske verdiar er det både laks og sjøaure i vassdraget, og anadrom fisk kan vandre 200 – 300 m opp i Dyrdøla. Fylkesmannen vil ikkje gå imot eit redusert alternativ der kraftstasjonen vert flytta oppstraums samlaup med Herdøla. NVE syner her til dei andre ulempene ei ev. utbygging vil føre med seg.

NVE meiner at den samla verknaden på naturmiljø, herunder viktige naturtypar og akvatisk miljø, er av betydning for konsesjonsspørsmålet, særleg i lys av at vassdraget mellom anna er verna for å ivareta biologisk mangfald.



Figur 2: Bilda syner Dyrdøla på utbyggingsstrekninga nedstraums brua der vegen kryssar elva. Den gamle dammen frå Juaverket kan skimtast i biletet til venstre. Bildet til høgre visar ei jettegryte med tydeleg fossesprutpåverka vegetasjon også nedstraums brua. Foto: NVE.

Oppsummering

I vurderinga av Dyrdøla kraftverk, er det etter NVE sitt syn liten tvil om at omsynet til vassdragsvernet talar imot ei utbygging. Det er omsynet til landskap og omsynet til biologisk mangfald som er dei viktigaste argumenta i denne vurderinga. NVE meiner at tiltaket vil ha negative konsekvensar som ikkje kan avbøtast med tiltak. Verdien av Dyrdøla som del av det verna Norddalsvassdraget vil bli vesentleg svekka dersom Dyrdøla kraftverk blir bygd.

Etter NVE si vurdering vil ei utbygging som omsøkt vere i konflikt med vassressurslova § 35, post 5. Konsesjon kan då ikkje gjevast.

Konklusjon

NVE kan i medhald av vassressurslova § 35, post 8 avslå ein søknad om løyve til vasskraftutbygging i eit verna vassdrag dersom det er heilt klart at omsynet til vassdragsvernet talar imot, jf. § 35 post 5. Basert på føreliggande søknad med miljørapport, samt innkomne

fråsegner i samband med høyring/offentleg ettersyn, og eiga sluttsynfaring avslår NVE søknaden. Det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiane i vassdraget. Tiltaket vil føre til ei vesentleg endring av naturleg vassføring i Dyrdøla, og vil ha negative konsekvensar for Norddalsvassdraget sine verdiar knytt til landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Løyve kan ikkje bli gitt i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova §§ 34 og 35, post 5 og 8. Pga. tiltaket si plassering og verneverdiane sin art, er det NVE si vurdering at verknadane ikkje kan avbøtast med tiltak.

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan 19.01.2018, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Grunna ferieavvikling i klageperioda vert fristen sett lengre enn tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interessar).

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Øystein Grundt
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kartfesting av influensområdet med biologiske verdiar.